



Askvoll kommune

Saksbehandlar, innvalstelefon
Magne Nesse, 5557 2335


Løyve til utfylling i sjø på Nikøy for Askvoll kommune

Fylkesmannen i Hordaland gjev Askvoll kommune løyve til utfylling/dumping av inntil 40 000 m³ massar i sjø på Nikøy i Askvoll kommune. Føremålet med utfyllinga er å etablere nytt næringsområde. Løyve er gjeve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6.

Vi viser til søknad datert 22. mars 2019.

Søknaden

Askvoll kommune søker Fylkesmannen om løyve til utfylling i sjø for å utvide eksisterande næringsområde på Nikøy med inntil 8 700 m² nytt landareal. Utfyllinga skal skje i vika mellom Nikøy gbnr. 70/2 og Årebrottet gbnr. 70/24 og gbnr. 70/34. (merkt med raudt på kartet nedanfor). Kommunen vil nytte overskotsmassar frå farledsmudring til Bulandet Miljøfisk AS til utfyllinga.



Utfyllinga er vurdert¹ av Rådgivende Biologer AS. Sjøbotn inneheld lite finstoff og er lettare forureina av miljøgifter. Avbøtande tiltak er å ikkje utføra arbeid i gytesesongen (februar – april) og at utfyllinga vil skje bak siltgardin for å hindre spreing av partiklar.

¹ Næringsområde på Nikøy i Bulandet, Askvoll kommune. Konsekvensvurdering for naturmangfald, naturressursar, samt nærmiljø og friluftsliv. Rådgivende Biologer AS 15. desember 2017



Sakshandsaming

Søknaden er sendt på høyring til Askvoll kommune, Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, Kystverket, og Fiskeridirektoratet region Vest. Fylkesmannen fekk tre uttaler.

Askvoll kommune (16. mai 2019) skriv at kommunen har arbeidd med planar for utfylling av dette området ei tid. Bakgrunnen er at Kystverket skal sprengje vekk nokre grunner i farleia aust for Nikøy, og kommunen ønskjer å bruke desse massane, i staden for at dei vert dumpa. Samtidig har Bulandet Miljøfisk AS overskotsmassar frå si utbygging, som dei har trong for å deponere på ein fornuftig måte. Ved å nytte massar frå begge tiltaka, kan ein oppnå tilstrekkeleg høgde på fyllinga, slik at området kan nyttast til næringsføremål. Kommunen v/rådmannen søkt om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan og arealdelen av kommuneplanen til utfylling av massane frå Bulandet Miljøfisk AS, parallelt med at reguleringsplanen vert utarbeidd. Kommunen ønskjer difor at fylkesmannen gjev løyve etter ureiningslova til den omsøkte utfyllinga, sjølv om det ikkje er i samsvar med gjeldande arealplanar. Kommunen vil handsame tiltaket som dispensasjonssak og utarbeide detaljregulering for området, jf. plan- og bygningslova, i etterkant.

Fiskeridirektoratet (26. april 2019) skriv at registrert låssettingsplass i utfyllingsområdet ikkje lenger er i bruk, samt at dei støttar bruk av siltgardin rundt utfyllingsområdet av omsyn til marint miljø.

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum har i e-post av 30. april 2019 avklart at det ikkje er kjente marine kulturminne i området, så museet har inga merknadar til tiltaket. Museet viser til den generelle plikta etter kulturminnelova om augeblikkeleg stans i arbeid og varsling til kulturminnemynde dersom skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne vert observert.

Fylkesmannen si grunngjeving

All dumping utført frå skip er forbode med mindre det er gjeve løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6. Fylkesmannen er mynde etter forskrifta og skal vurdere søknader etter Miljødirektoratets rettleiar M-350/2018 "Handtering av sedimenter".

Fylkesmannen kan ikkje gje løyve etter forureiningslova dersom tiltak er i strid med endelege planar etter plan- og bygningslova, med mindre kommunal planmynde gjev samtykke, jf. forureiningslova § 11. Askvoll kommune har i uttale 16. mai 2019 gjeve slikt samtykke. Men løyvet kan likevel ikkje takast i bruk før tiltaket er avklara etter plan- og bygningslova.

Søk i databasane Artskart, Naturbase og Yggdrasil 28. juni 2019 viser ikkje funn av artar eller naturtypar nær tiltaksområdet som krev spesielle omsyn, men tiltaksområdet på Nikøy ligg i eit gytefelt for torsk som dekker heile Bulandet.

Spreiing av finstoff frå utfylling/dumping kan nedslamme sjøbotn rundt tiltaka og påverke marint liv negativt. Fylkesmannen finn at dei avbøtande tiltak som det er søkt om er tilstrekkeleg for å redusere risiko for forureining frå tiltaket. Så løyvets vilkår krev bruk av siltgardin rundt utfyllingsområdet og at utfylling og deponering av massar ikkje kan skje i gyteperioden til torsk, som er i tidsperioden februar-april.

Eventuelle skyteleidningar, plastavfall m.m. skal samlast opp og leverast godkjend mottak.

Det er positivt at ein nyttar overskotsmassar frå farledsmudring til utfylling framfor at massane vert dumpa. Både forureiningssituasjonen og naturmangfaldet er kartlagt, og kravet i naturmangfaldlova



§ 8 om at saken skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er dermed oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket vert vurdert som tilstrekkeleg, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova er ivaretatt ved at tiltaket er regulert med vilkår etter forureiningslova.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. Ut frå Fylkesmannens tidsbruk i denne saka, tek vi gebyr etter sats 7, 16 400 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Endring og omgjering

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningstilhøva endrar seg, kan Fylkesmannen med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Rett til å klage

De har fått løyve til utfylling/dumping. Dersom det likevel skulle være noko de ønskjer å klage på, inkludert vedtaket om gebyr, kan de klage til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har motteke dette brevet. Klagen bør vere skriftleg grunngjeven, og skal sendast til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Magne Nesse
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Løyve med vilkår

Kopi med vedlegg:
Fiskeridirektoratet region Vest
Bulandet Miljøfisk AS
iVest Consult AS
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum
Kystverket



**Løyve til utfylling/dumping på Nikøy i Askvoll kommune
for Askvoll kommune**

Fylkesmannen gjev Askvoll kommune løyve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad datert 22. mars 2019. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betydning, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende beskjed til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Fylkesmannens referanse

| | |
|-------------|--------------------------------------|
| Løyvenummer | Anleggsnummer utfyllingslokalitet |
| 2019.0573.T | 1428.0069.01 |

Bedriftsdata

| | |
|---------------------|----------------------------|
| Bedrift | Askvoll kommune |
| Postadresse | Postboks 174, 6988 Askvoll |
| Kommune og fylke | Askvoll, Sogn & Fjordane |
| Org.nummer/ eigd av | 974615541 / 974781786 |

| | |
|---|-------------------------------|
| Løyve gjeven: 28. juni 2019 | |
| Ingrid Torsnes senioringeniør | Magne Nesse senioringeniør |
| <i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift</i> | |

1. Løyvet omfattar

1.1 Omfang

Løyvet gjeld utdjuving ved sprenging av inntil 40 000 m³ faste massar på Nikøy. Utfyllinga skal skje i vika mellom Nikøy gbnr. 70/2 og Årebrottet gbnr. 70/24 og gbnr. 70/34. Massane skal nyttast til utfylling i sjø for å utvide eksisterande næringsområde på Nikøy med inntil 8 700 m² nytt landareal .

2. Generelle vilkår

2.1 Grunnlag for løyvet

Fylkesmannen legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 22. mars 2019 med mindre anna er avtalt med Fylkesmannen. Fylkesmannen skal varslast når arbeidet vert sett i gong.

2.2 Ansvar

Askvoll kommune er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert haldne, og pliktar å sørje for at dei som skal gjennomføre tiltaka er kjent med dei vilkår som gjeld.

2.3 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.4 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakseigar må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.5 Saksbehandling etter anna lovverk

Dette løyvet kan ikkje nyttast før Askvoll kommune har godkjend tiltaket etter plan- og bygningslova.

3. Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikanalyse skal verksemda sette i verk risikoreduserande tiltak.

Verksemda plikter å sjå til at den som til ei kvar tid transporterer og dumper eller på anna måte handterer massar, har internkontrollsystem i tråd med vilkår 3.1.

3.2 Beredskapsplan

Verksemda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar, i flg. planen, kan oppstå.

3.2 Varsling om akutt forureining

Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining (nødnummer 110).

Verksemda skal også, så snart som mogeleg, varsle Fylkesmannen i slike tilfelle på fmvlpost@fylkesmannen.no

4. Utfylling/dumping i sjø

Utfylling og dumping av utsprengt stein og muddermassar skal utførast så skånsamt som mogeleg for å redusere partikkelspreiing. Tiltaka skal gjennomførast innafor det arealet som er vist i søknaden. Eventuelle skyteleidningar, plastavfall m.m. skal samlast opp.

Av omsyn til gytefelt for torsk kan ikkje utfylling/dumping utførast i perioden frå 1. februar til 1. juni.

Det skal nyttast siltgardin utanfor utfyllingsområdet. Siltgardina skal dekke heile vassøyla og ha feste i botn. Det skal førast jamleg kontroll med at siltgardina fungerer etter hensikta.

Dersom det oppstår unormale forhold som har eller kan få forureiningsmessige konsekvensar, skal tiltakshavar straks melde frå til Fylkesmannen.

5 . Avfall

Verksemda plikter, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert avfall som følgje av tiltaket. Særleg skal innhaldet av skadelege stoff i avfallet reduserast mest mogeleg.

Verksemda plikter å sørgje for at alt avfall, også farleg avfall, vert handtert i samsvar med gjeldande regler for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, spesielt avfallsforskrifta. Siltgardina skal etter bruk leverast til godkjent mottak.

6. Sluttrapport og tilsyn

6.1 Sluttrapport

Askvoll kommune skal sende rapport til Fylkesmannen innan åtte veker etter at tiltaket er gjennomført. Rapporten skal innehalde:

- Opplysningar om kor store mengder masse som faktisk har blitt utfylt/dumpa (i m³ eller tonn).
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som vart sett i verk

6.2 Tilsyn

Tiltakseigar plikter å la representantar frå Fylkesmannen føre tilsyn med anlegget når som helst.